








Skjåk kommune

KONTROLLUTVALET PROTOKOLL

Møtestad: Møterom Skjåkheimen	Møtedato: 14. februar 2018	Frå kl. 1000	Til kl. 1300
---	--------------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Knut Vindheim		
Møteinnkalling (kunnjing)	Møteinnkalling sendt 31. januar 2017.		
Til stades:	I alt 5 medlemmer	Av desse 5 faste medlemmer	
Andre frammøtte	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 1/2018 – 5/2018		
Merknader til møtebok	Ingen		
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	 Knut Vindheim  Tor Arne Rønningen  Arild dePresno  Arnfrid Austin  Torø Elin Dagsgard		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- Medlemmane av kontrollutvalet
- Varamedlemmane av kontrollutvalet
- Ordføraren og rådmannen
- Innlandet Revisjon IKS



SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
Morten Sørhage	14. februar 2018	Kontrollutvalet	01/2018

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding 2017
- Oppfølging kontrollutvalet 2017

Saksframstilling:

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via laupande rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Kontrollutvalet i Skjåk gjev gjennom si årsmelding ei samla orientering til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom året.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet stilte spørsmål, men hadde ingen endring til forslaget.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering. Samrøystes.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	14. februar 2018	Kontrollutvalget	02/2018

Vedlegg:

Kundebrev frå Innlandet Revisjon IKS
Status forvaltningsrevisjon

ORIENTERING FRÅ INNLANDET REVISJON IKS

Samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS kom i stand 1.1.18. Kommunane er i gang med årsavslutning 2017. I samband med dette har Innlandet Revisjon IKS sendt over orienteringsbrev med saksgangen i revisjonstenesten.

Skjåk kontrollutval bestilte i 2018 forvaltningsrevisjonsprosjektet *sjølvkost*. Innlandet Revisjon IKS har starta opp arbeidet og meiner å kunne bli ferdig våren 2018.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Samrøystes.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	14. februar 2018	Kontrollutvalget	03/2018

Vedlegg (eigen sending):

Avslutning av tilsyn ved barnehagar

TILSYN VED BARNEHAGAR I SKJÅK

Fylkesmannen har i siste halvår 2017. Tilsynet viste lovbrøt og førte til pålegg om endring av rutinar. Skjåk kommune fekk varsel om desse påboda:

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i den endelege tilsynsrapporten: Skjåk kommune som barnehagemyndigheit skal sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk, herunder gjere risikovurderingar av tilstanden i dei kommunale og den private barnehagen. Skjåk kommune må som barnehagemyndigheit sjå til at:

- Dei bruker kunnskapen om barnehagehagane til å gjere risikovurderingar for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn.
- Dei gjennomfører rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar.

Skjåk kommune som barnehagemyndigheit skal sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk, herunder nytte tilsyn som verkemiddel. Skjåk kommune som barnehagemyndigheit må sjå til at:

- Dei bruker tilsyn som verkemiddel der dette er nødvendig for å sørge for regelverksetterleving etter barnehageleva hos barnehageeigaren.
- Dei innhentar informasjon i tilsyn som gjer det mogleg å ta stilling til om barnehageeigaren oppfyller barnehageleva.
- Dei vurderer og konkluderer på om barnehageeigaren oppfyller lovkrava i barnehageleva.
- Dei formidlar sine vurderingar og konklusjonar skriftleg til barnehageeigaren.

Tilhøva vart korrigert innafor fristen. Fylkesmannen i Oppland avslutta etter dette tilsynet i brev av 15.12.17.

Vurdering:

Av di alle avvik i rapporten er lukka og godteke av tilsynsmyndigheit, ser ikkje sekretær det naudsynt å greie ut saka ytterlegare.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka og drøfta forskjellige tilhøve. Dei ynskjer å få ytterlegare orientering/forklaring om utfordringar med tilsynsmyndigheit, jfr. kommentar til §16 i rapporten.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Samrøystes.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	14. februar 2018	Kontrollutvalget	04/2018

Vedlegg:

Sak i kontrollutvalet 27.9.17, nr. 18/2017
Førespurnad til Fylkesmannen
Svar frå Fylkesmannen

SYNFARING VED GLASITTAS

Kontrollutvalet handsama 27. september 2017 forureiningsproblematikk ved Glasitt AS, der representant frå Fylkesmannen i Oppland deltok via Skype. Situasjonen i området og kontrollrutinane vart beskrivne. På bakgrunn av gjennomgangen har Fylkesmannen hatt gjennomgang i verksemda.

Fylkesmannen konkluderer med at dei ikkje ser grunnlag for særskilt oppfølging.

Vurdering:

Kontrollutvalet tok opp saka på eige initiativ etter innspel frå publikum. Situasjonen er gjennomgått med tilsynsorgan og grannar til verksemda. Det er ikkje kjent at det ligg føre erstatningskrav etter forureininga. Tilsynsmyndigheit har gått gjennom saka med impliserte og ser ikkje grunn til å fylgja opp.

Ut frå dette ser ikkje sekretær det naudsynt å greie ut vidare tilhøve i saka.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saksgangen og drøfta denne.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Samrøystes.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	14. februar 2018	Kontrollutvalget	5/2018

SAK NR. 5/2018 OPEN POST

Sekretær refererte kort frå kontrollutvalgskonferansen NKRF.